



GOL IL SKØYTEGRUPPA

www.golil.no - skøyter

ÅRSMELDING 2002



Rica Partner Hotel 
Golsfjellet, N-3550 Gol
Tlf.: (+47) 32 07 80 00 Fax: (+47) 32 07 80 01
<http://www.storefjell.no> E-mail: 1001@storefjell.no



Postboks 223, 3571 Al
Tlf: 32 08 66 00, fax: 32 08 66 01
NO 971 589 671 MVA
Email: hallingkraft@hallingkraft.no

ÅRSMELDING 2002 for skøytegruppa, Gol IL.

Styret si samansetning:

Leiar:	Ola Halvar Jorde
Nestleiar:	Vidar Haugo
Sekretær:	Anne Gerd Jorde
Kasserar:	Inger Berit Myklebust
Styremedlem:	Knut Idar Engene
Styremedlem:	Birgit Engene
Varamedlem:	Reidmar Faleide
Ungdomsrepr:	Marit Jorde
Varamedl:	Hans Kristian Jorde
Rekruteringsansv.:	Gisle Eide
Internettansvarleg:	Gisle Eide

Det har vore 9 styremøter og det er handsama 60 saker.

Medlemmer i skøytegruppa: (i parentes tal frå 2001)

Totalt medlemstal:	104 (107)
Medl. over 17 år:	45 (41)
Medl. under 17 år	59 (66)

	Konkuranseløparar	Skøyteskule	Totalt
Menn	11 (11)	26 (25)	37 (36)
Kvinner	<u>12 (19)</u>	<u>14 (16)</u>	<u>26 (35)</u>
Totalt	23 (30)	40 (41)	63 (71)

Gol skøytegruppe er ein av dei største i landet på jentesida.

Trenarar

Frå 15 år og oppover var John Ivar Kristensen trenar fram til mars 2002. Han hjelper Håvard Myklebust og Hans Kristian Jorde litt i denne sesongen også.

Andre konkuranseløparar	Ola Halvar Jorde
og skøyteskule:	Knut Idar Engene Gisle Eide
Medhjelparar på skøyteskulen:	Alf Roger Pettersen Birgit Engene

SAMLINGAR FOR LØPARANE.

24. -26. mai: **Barmarksamling i Dagali**
9 løparar var med. Dette var ei kretssamling

17.juni: **Hallingrittet**
Mange av løparane deltok på Hallingrittet.

22. juni: **”Skøytebryllyp”**
Ester Stølen og Lasse Sætre gifta seg i Gol kyrkje laurdag 22. juni.
Skøytegruppa i Gol IL overraska dei nygifte med å danne espalier av skøyter og norske flagg ved kyrkjedøra.
Vi i Skøytegruppa ønskjer til lukke med dagen og framtida.

3. – 18. august: **Sommarisen i Vikingskipet**
8 løparar var på sommarisen fleire dagar denne sommaren.

24. august: **Birkebeinerrittet**
4 løparar var med på denne store styrkeprøva.

Mai, juni, august 2002: Spensttrening.
Ein del av løparane frå skøytegruppa deltok på sprint og spenst som var på Hallingmo for alle gruppene i idrettslaget.

Hausten 2002: **Fellestrening for skøytegruppa, langrennsgruppa og alpingruppa.**
Med Roger Øye frå alpingruppa i spissen har trenarar frå alle gruppene samla troppene sine til knallhard grunntrening på Skaga.
Dei aktive har hatt berre godord å seie om desse fellestreningane. Det vert eit større treningsmiljø på dei ulike alderstrinna, noko som aukar trivselen og treningsgleda. Det vert spennande å sjå kva utslag dette har på resultatata til vinteren. Treningane har foregått både ute og inne, både "til lands og til vanns". Skøytegruppa rettar ein stor takk til Roger Øye.

4. – 6. oktober: **Kretssamling i Vikingskipet.**
Mange av løparane frå Gol deltok.

19. – 20. oktober: **Treningsamling/løp i Vikingskipet.**
Fleire av løparane deltok på treningsamling og 4 av dei gjekk fyrste løpet sitt for sesongen.

Denne hausten vart det rekordtidleg is på Glitre. 3.november vart dei fyrste rundene gått.

TURAR.

26. - 27. januar: **Busstur til Krystallcupen på Hønefoss/Jevnaker.**
Skøytegruppa leigde buss og Vidar kørde. Vi var ca 35 golvingar og holingar som var med. Vi overnatta på Ringerike Hotell.
Dette var ein svært vellykka tur.

8. -10. februar: **'Rådeløpet' i Vikingskipet.**
Det var med 19 løparar frå Gol. Som tidlegare år er dette ei fin familiehelg der løparane persa og foreldra heia.

16. - 17. februar: **Landsmeisterskapen i Trondheim.**
7 løparar frå Gol var teke ut til å delta i Landsmeisterskapet.
Me kørde bil til Lillehammer og tog til Trondheim. Været var dårleg med stiv kuling og regn. Resultata vart noko variert.

14. september: **Fjelltur (saman med langrennsgruppa og alpingruppa)**
Berre 6 deltakarar (frå 2 familiar) møtte fram til fellesturen for dei 3 gruppene.
Turen gjekk på Skaraåsen i fint vær og flott turterreng.

KURS/UTVIKLINGSARBEID.

- **Aktivitetsleiarkurs**
Buskerud Skøytekrets arrangerte aktivitetsleiarkurs med John Ivar Kristensen som lærar. Kurset var svært nyttig for dei som deltok. Deltakarane fekk mange nyttige tips og idear både til aktivitetar og til ei meir bevisstgjerjing av korleis haldningane våre påverkar barna når dei trenar/går på skøyter. Kurset som gjekk over 4 samlingar, hadde 4 deltakarar frå Gol og 1 frå Hol.
- **Startarkurs.**
2. –3.november deltok Ola Stølen på eit oppfriskningskurs for startarar som vart halde i Vikingskipet.

- **Kurs for kompetanseansvarleg.**

Gisle Eide deltok 5. og 6. desember på eit kurs for kompetanseansvarlege på Gardermoen. Kurset var arrangert av skøyteforbundet.

EIGNE ARRANGEMENT.

Norgescup junior	40 deltakarar
7 klubblop	30 -50 deltakarar kvar gong
Skøytesportens dag	50 deltakarar
Hallingdalskarusellen (nasjonalt løp)	90 løparar
Bedriftsstafett	6 lag deltok med 3 personar på kvart lag

Vi hadde mange vellykka arrangement i år 2002.

Vi kan blant anna nemne:

Norgescup junior:

Eit svært vellykka stemne, kjempegode forhold og mange gode tider. Det vart nye banerekordar på 3000 m kvinner sett av Maren Haugli. På 3000 m menn var spenninga stor då fyrst Even Wetten tok ny banerekord, men denne fekk ikkje stå lenge, for like etterpå gjekk Olav Slinning endå fortare. Preben Kristiansen som kom i siste par låg framfor Olav, men måtte til slutt nøye seg med tangering av den gamle banerekorden. Arrangementet gjekk også prikkfritt, noko vi kan takke ein god og dreven leiar for.

Hallingdalskarusellen:

Svært god is og nesten alle sette utandørs "persar". Det er gøy at så mange frå Vestlandet deltek. Mange fekk golingsknappen for personlege rekordar.

Skøytesportens dag:

Vi hadde fellesstart for både store og små. Alle kunne gå inntil 5000 m. Etterpå var det saft og vaflar inne i kafeteriaen.

Bedriftsstafett:

Det er fjerde året på rad at bedrifter i Gol vert utfordra til å gå på skøyter og at det vert arrangert skøytestafett. I år stilte 6 lag til start. Det var mykje moro og ein vellukka kveld. Vianor vant nok ein gong.

Idrettslagets dag:

Skøytegruppa deltok også i år med stand på Idrettens dag. Publikum kunne her mellom anna:

- sjå utstilling av gamle skøyter
- sjå video frå skøytemiljøet/skøyteløp
- høyre radiooptak av gamle skøyteløp
- få info om skøytegruppa sitt arbeid
- studere skøytegruppa sine nettsider på PC
- delta i konkurranse på ballanse-pute
- spele ringspel (på brusflasker)
- sjå sliping av skøyter "live".

INNSATSEN TIL LØPARANE I SESONGEN 2001/2002.

Senior	Ester Stølen	NM- enkeltdansar	500m	gull
		NM- enkeltdansar	1000m	sølv
		Norsk rekord samanlagt i sprint		
		Deltok i Norgescup		

J

junior A	Håvard Myklebust	NM Junior allround	nr. 5	(14)
		NM sprint junior	nr. 8	(26)
		NM enkeltdistanser junior 500 m	nr. 23	(23) fall
		1000 m	nr. 7	(22)
		1500 m	nr. 6	(19)
		Deltok i Norgescupen		
		Deltok i gjesteklassen i Rådeløpet.		
Junior A	Martin Haugo	Deltok i Norgescup på Gol		
		Deltok i gjesteklassen i Rådeløpet.		
Junior B	Hans Kristian Jorde	LM	500 m	nr. 11 (21)
			1000 m	nr. 8 (21)
			1500 m	nr. 21 (21) fall
			3000 m	nr. 7 (15)
		Rådeløpet,	nr. 9	(11)
		NM enkeltdistanser junior 1000 m	nr. 16	(22)
		1500 m	nr. 13	(19)
		3000 m	nr. 13	(15)
		5000 m	nr. 10	(10)
		Deltok i Norgescup på Gol og Hamar		
		Kretsmeister på 1500 m		
Junior B	Elise Haugo	LM	500 m	nr. 5 (11)
			1000 m	nr. 10 (11)
			1500 m	nr. 7 (11)
			3000m	nr. 9 (10)
		Rådeløpet	nr. 9	(11)
		Deltok på Norgescup på Gol		
Junior B	Marit Jorde	LM	500 m	nr. 10 (11)
			1000 m	nr. 11 (11)
			1500 m	nr. 8 (11)
			3000m	nr. 7 (10)
		Rådeløpet	nr. 8	(11)
		Deltok på Norgescup på Gol		
		Kretsmeister på 1500m		
Junior B	Line Marie N. Faleide	LM	500 m	nr. 6 (11)
			1000 m	nr. 6 (11)
			1500 m	nr. 11 (11) fall
			3000m	nr. 10 (10)
		Rådeløpet	nr. 11	(11)
		Deltok på Norgescupen på Gol		
		Kretsmeister på 500 m		
Junior C	Line Engene	LM	500 m	nr.10 (10) fall
			1000 m	nr. 11 (12)
			1500 m	nr. 9 (10)
		Rådeløpet	nr. 5	(11)
		Kretsmeister på 500m og 1000m		
12 år	Birgitte Jorde	LM	500m	nr. 10 (13)
			1000m	nr. 9 (12)
		Rådeløpet	nr. 5	(22)
		Kretsmeister på 500m og 1000m		
12 år	Silje Kristine N. Faleide	LM	500 m	nr. 11 (13)
			1000 m	nr. 11 (12)
		Rådeløpet	nr. 8	(22)

12 år	Ingrid Eide	Rådeløpet	nr. 12	(22)
11 år	Martin Engene Øyan	Rådeløpet	nr. 24	(35)
11 år	Simen Fivelstad Smaaberg	Rådeløpet	nr. 29	(35)
10 år	Mari Engene	Rådeløpet	nr. 18	(27)
10 år	Lise Marie Jorde	Rådeløpet	nr. 23	(27)
10 år	Sigbjørn Haugo	Rådeløpet	nr. 12	(58)

Mikkel Stølen var landslagstrenar for allroundløparane fram til 1.april 2002.

Ester Stølen avslutta si skøytekarriere etter sesongen 2001/2002.

Björg Merete Hjallen er nå leiar for ungdomsgruppa i Norges Skøyteforbund.

Per Helge Myklebust er leiar for Buskerud Skøytekrets.

STARTARAR.

- **Vidar Haugo** er startar i nivå 3.
- **Ola Stølen** er startar i nivå 2.

OVERDOMMAR.

- **Ola Halvar Jorde** har nå vorte overdommar på nivå 4.

DUGNADSINNSATS OG ANNAN AKTIVITET I KLUBBEN.

- Som tidlegare år har gruppa hatt dugnadsvask på klubbhuset og speakerbua på Glitre. Det er sett inn ny ytterdør og gangen er måla opp att.
- Skøytegruppa hadde ein stor dugnadsgjeng under Hallingriddet på sykkel.
- Skøytegruppa hadde frokostpakkeomkøyring i Gol for Rema 1000. Denne dugnaden vart raskt og godt gjennomført.
- Skøytegruppa hadde dugnad i gamle lokale til Sparebank 1 Hallingdal. Riving og rydding av møblar og skranke var den største jobben.
- Også dette året har Vidar Haugo lagt ned ein kjempestor dugnadsinnsats med islegging og vedlikehald av isen. Vidar gjer eit fantastisk arbeid på Glitre og hans innsats med banen er uunnverleg. Ein stor takk til banemeisteren vår.
- Internetsida til skøytegruppa er vi stolte av og samarbeidet med internettansvarleg i skøyteforbundet er kjempebra. Takk til Gisle Eide for flott arbeid.
- "Glitretid" – det nye dataprogrammet som Oddbjørn Jorde har laga er no ferdig utvikla. Nokon små detaljer står att og litt forandring vil det alltid bli framover. Mange klubbar i landet har vist si interesse for programmet som har fått nytt namn – "Glitretid". Ein takk til Oddbjørn som let skøytegruppa disponere programmet.

Utover dette er det mange som gjer ein stor dugnadsinnsats for gruppa gjennom mange ulike oppgåver. Styret vil få takke alle foreldre og andre frivillige som har gjort ein jobb på Glitre i året som har gått. Utan dugnad hadde vi ikkje kome langt.

NM junior – allround 2003.

Førebuingane til meisterskapet den 8. –9. februar 2003 har pågått i heile 2002 med størst arbeidsmengde på hausthalvåret. Det er sett ned fleire arbeidsgrupper og det meste arbeidet har nok sponsorgruppa hatt. Dei skal laga eit NM-hefte der næringslivet er spurt om annonsar eller annan sponning.

Leiaren i skøytegruppa, Ola Halvar Jorde har god erfaring frå arrangering av fleire slike stemner og held ei sikker hand om det heile. Han legg ned ei mengd arbeidstimar for skøytegruppa både i høve NM og all annan aktivitet i gruppa. Ein stor takk til Ola Halvar.

SPONSORAR.

Skøytegruppa vil få takke Vianor, Storefjell, Hallingkraft og Gol Bakeri for den positive sponsorstøtta. Vi vil også få takke Felleskjøpet for lån av traktor.

Vi må heller ikkje gløyme Aslak Golberg for alle maskinene som står til disposisjon når skøytegruppa har bruk for dei. Takk for lånet!!!

Ein takk også til Kåre Dramstad som kjem innom og brøyter ut kantane når det blir for mykje snø. Skøytegruppa rettar også ein takk til Hallingdal Lastebilservice for reparasjon av lastebilen.

Styret i skøytegruppa vil til slutt få takke alle som på ein eller annan måte har støtta gruppa og gjort ein innsats i 2002.

FRAMTIDA.

- Bygging av nytt garasjeanlegg m/speakerbu må no koma i gang, iflg. liste er det tippemidlar i 2003.
- Skaffe fleire trenarar er ei viktig oppgåve.
- Skøytegruppa går ivrig inn i 2003 med mange løparar og mange ungar på skøyteskulen.

Velkomen til eit godt skøytemiljø på Glitre.

Arrangement 2003:

9. januar:	Kveldskretsløp
8.–9. februar:	NM-junior allround
12. februar:	Skøytesportens dag
19. februar:	Bedriftstafett
21. februar:	Hallingdalskarusellen
5. mars:	Hallingdalsmeisterskapet

Gol 21. januar 2003
Styret for skøytegruppa.